



Sira-Kvina Kraftselskap
Postboks 38
4441 TONSTAD

Dykkar ref.:

Vår ref. (oppgje ved svar):
2011/4898 ART-VM-STS
Arkivkode:

Dato:
18.04.2011

Bygging av fisketrapp i Rafossen i Kvina, Kvinesdal kommune, Varsel om pålegg

Vi viser til brev frå Direktoratet for naturforvaltning (DN) til Sira-Kvina kraftselskap av 06.06.2008 om tiltak for å kompensere for tapt produksjonsgrunnlag for fisk etter regulering og overføring i Sira- og Kvinavassdraget, og seinare kontakt om planane for fisketrapp i Rafossen i Kvina.

I tillatelsen til regulering i Sira-Kvinavassdraga frå 1963 blei fisketrapp i Rafossen vurdert som eit aktuelt kompensasjonstiltak for tapt fiskeproduksjon i Kvina. Konesjonsvilkåra opnar derfor for å kunne gi regulanten pålegg om å bygge fisketrapp. Ein viktig årsak til at dette ikkje er blitt gjort er forsuringssituasjonen på Sørlandet. Framover 1960-talet blei laksebestandane i sørlandselvene, inkludert Kvina, sterkt redusert og etter kvart så godt som utrydda. I denne perioden blei det ikkje vurdert som hensiktsmessig å gjennomføre kompensasjonstiltak som bygging av fisketrapp. I Kvina kom det i gang kalking for å få tilbake laks i 1994. Når laksebestandn igjen etablerte seg i Kvinavassdraget blei det på nytt aktuelt å sette spørsmålet om laksetrapp i Rafossen på dagsorden.

Norsk institutt for naturforskning har i NINA Rapport 321 (2008) beregna at potensiell produksjon av laksesmolt i Kvina er meir enn halvert på grunn av reguleringane i vassdraget. NINA vurderer at det mest kostnadseffektive tiltaket for å kompensere for smolttapet er å legge til rette for lakseproduksjon i elvestrekninga ovanfor Rafossen ved bygging av ein fiskepassasje i Rafossen. Ein føresetnad for dette er at det også blir gjennomført tiltak for å redusere smolttapet i Træløfoss kraftstasjon vesentleg.

I brevet av 06.06.2008 ba DN Sira-Kvina kraftselskap om å klarlegge biologiske og lokaløkonomiske forhold omkring bygging av fisketrapp i Rafossen i Kvinavassdraget. Som oppfølging av dette har Sira-Kvina kraftselskap og Kvinesdal kommune fått utarbeidd to rapportar:

- Fisketrapp i Rafossen i Kvina. Vurdering av mulige biologiske effekter oppstrøms trappa. (NINA Rapport 466)
- Vurdering av ringverknader ved etablering av laksetrapp i Rafossen i Kvina. (Faun rapport 017-2009)

NINA konkluderer i sin rapport med at ”muligheten for at laks og sjøaure vil kunne dra med seg ulike sykdommer/parasitter ovenfor Rafossen ved bygging av fiskepassasje er til stede. Sannsynligheten for at aurebestandn her kan påvirkes ansees likevel som liten. Ved eventuell smitte av *Gyrodactylus salaris* kan parasitten fjernes fra områdene oppstrøms Rafossen ved stenging av trappa.” NINA understrekar også at utforminga av trappa bør vere slik at den hindrar spreiring av ørekyt oppover i vassdraget.



Faun Naturforvaltning AS konkluderer i sin rapport bl.a. følgende: ”Laksetroppa vil i kombinasjon med tiltak for å redusere tapet av smolt kunne gje ei dobling av smoltproduksjonen i elva. ... dei økonomiske ringverknadane av troppa er rekna til ca ½ million kroner i året.”

På denne bakgrunn og med heimel i Kgl. res. av 5. juli 1963 om ”Tillatelse til å foreta reguleringer og overføringer i Sira- og Kvinavassdragene” gir vi med dette varsel om at vi vil pålegge Sira-Kvina Kraftselskap å bygge og vedlikehalde fisketrapp i Rafossen i Kvina.

Vi er kjent med at Sira-Kvina kraftselskap har arbeidd med tekniske og bygningsmessige løysingar for fisketrapp i Rafossen. Planane er noe endra frå dei som blei presentert for oss sommaren 2009 og vi ser fram til ein dialog med regulanten og Kvinesdal kommune om dei konkrete planane for anlegget. Ved gjennomføring av denne typen kompensasjonstiltak er det viktig å dokumentere at tiltaket har den forventa effekten. Det er derfor særskilt viktig med gode overvåkingsopplegg knytta til trappa, dvs. overvåking både av opp- og nedvandring av fisk. Dette må det takast omsyn til ved konstruksjon og seinare drift av trappa.

Den ferdige planen for fisketrappa skal sendast til Kvinesdal kommune, Fylkesmannen i Vest-Agder, NVE og DN for endeleg godkjenning før byggearbeida blir sett i gang. Entreprenør og byggherre har ansvar for å føre tilsyn under byggeprosessen og sørge for at anlegget blir oppført i samsvar med byggeplanen.

Dersom vi ikkje mottar grunngjevne innvendingar til dette varselet innan tre veker frå brevet er mottatt vil endeleg pålegg bli utforma i samsvar med dette varselet. Ein føresetnad for at fisketrappa skal ha den forventa kompenserte effekten på fiskeproduksjonen i Kvina er at smolttapet i Trælansfoss kraftstasjon blir vesentleg redusert. Før vi gir endeleg pålegg vil vi gjøere oss kjent med resultatet av arbeidet som nå er i gang med å prøve ut praktiske tiltak for å føre smolten utanom krafverksinntaket i Trælansfoss kraftstasjon.

Med helsing

Direktoratet for naturforvaltning

Øyvind Walsø e.f.
seksjonssjef

Steinar Sandøy

Kopi til:

Kvinesdal kommune v/ordførar, Nesgt. 11, 4480 KVINESDAL
Fagrådet for fisk v/Kvinesdal kommune, Nesgt. 11, 4480 KVINESDAL
Fylkesmannen i Vest-Agder, Serviveboks 513, 4605 KRISTIANSAND
Borregaard Trælansfos, Postboks 5, 1324 LYSAKER